



Gunn Kvalvågnes
Keilevegen 97 B
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6550 - 14/20880

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
15.09.2014

Svar på søknad om flytting av eksisterande avkjørsle - gbnr 124/1 - Keilegavlen

Teknisk drift syner til brev datert 04.09.2014 vedkommande søknad om flytting av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg - gbnr. 124/1- Keilegavlen.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til flytting av eksisterande avkjørsle på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», §§ 40-43 i Veglova, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal snu på eigen grunn. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Det skal være uhindra sikt i eit område langs kommunal veg på kvar side av avkjørsle. Siktsone vert konstruert ved hjelp av ei sikkrekant frå eit punkt 3m inn i avkjørsle (målt frå kant kommunal veg) og minimum 45m til kvar side (målt langs kant kommunal veg). Siktsone skal være fri for sikthindringar som mur, hekk, buskvekster, fjellknauser, byggverk og andre sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsone skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav finn ein på www.lovdata (veglova samt forskrift av 1964 (FOR-1964-07-16 nr 3905)) og www.vegvesen.no (vegnormal N100).
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt situasjonskart.
- Eksisterande avkjørsle skal fysisk stengast ved at det opparbeidast ei grøft med minimumsbredde på 1,0m. Grøft skal opparbeidast etter gjeldande regelverk.



- Det skal ligge føre stadfesting av semje om flytting av eksisterande avkjørsle frå dei som har vegrett. Avtalen bør tinglysingast.

Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig hos byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «almannelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open . Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart gbnr 124-1

Kopi til:

Siril Therese Sylta
Kjetil Eikefet

Mottakarar:
Gunn Kvalvågnes

Keilevegen 97 B 5953

FONNES